Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7. Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Stranda.

Emne: Skap Bygdelag: Dalen

Oppskr. av: Øyvind. O. Sve Gard: Sve

(adresse): Stranda G.nr. 27 Br.nr. 6.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Som nemnt i spörje skjemaet er höyet det aller vigtigaste foret til krötera. Her i heradet har det særleg i tidlegare tider har det vore ymse slag hjelpefor både i gode og mindre gode forår. För brukte dei mest jamt å ectje på meir kröter enn dei hadde nok vinterfor til. Det var krötertalet ein såg på og mindre på kor dei såg ut om våren. Når innstillinga var sålis er det lett skynleg at hjelpeforet kom vel med. Alt lauv, både högt lauv og raka lauv, beit, bar og bork av ymse slag tre vart kalla hjelpefor: - Hjelpefor, hjelpeforet, hjelpefor, hjelpefora.

Her i bygda var hogdelauvet og rakalauvet det aller vigtigaste hjelpeforet. Men det vart og brukt mykje bork som dei skov av ymse slag tre. Å skave skjev - skov - skjive.

9249

Til sau og geit har det vore mykje brukt å bere inn i fjøsane greiner og so har dyra gnaga borken av. Dette har vore gjort med greiner av asp, rogn, selje og serleg fürebar. Når det vart lógt füre om vinteren, vart baret køyrt til gards. Så vart nokre bargreiner lagd inn i fjøsen for kvar dag. Aspa, rogna og selja var avbarkte ute i marka. Greinene vart køyrde til gards. Det grannaste av dei vart skorne av og bore inn til kyrne. Dei tjukkare greinene vart innborne til sauene og geitene som so gnog dei. Å gnage, gneg gnog, gnije. Dei greinene som var for tjukke til å bere inn vart avbarkte anten ved fjøsveggen eller ved vedskotet. Til dette brukte dei ein bandekniv. Sjå teikning



Ein bandekniv = bandekniven, fl. bandekniva, bandeknivane

Mange bruka og ei skjevle.




Ei skjevle, skjevlå, fl skjevle, skjevline
Dei køyrde stykkjet som skulle avbarkjast anten mot veggen eller la enden opp i sagestolen



Ein sagestol, stolen, stola stolane.

9249
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

og tok så bandekniven med båe
nevane og drog den mot seg.
På den måten skar dei borken
av. Borken vart så innboren
til krøtera. Den tjukke ospabor-
ken som vart hävd av stokkane
ute i marka vart plukka opp
i sekkjer. Denne vart havd opp
på limmane i turkarstova.
Der vart det oppkveikt og borken
vel turka. Når borken var turr
bar dei han til kverna. Sette
vatnet på kverna. Braut så bor-
ken sund og hadde mobane i
kvernauga. Borken vart så
malen til mjøl – ospaborkmjøl.
Dette mjølet vart nytta til
øykjene. – vestane. –
Dei brukte å hakke sundt
halm. Halmen vart bløytt med
vatn. Dei strålte så ospabork-
mjølet på den bløytte halmen
Dette vart kalla halmsyppå
som vart gjevne øykjene.
Dei skulle verte feite og fine av
dette. – Fekk kyrne bork vart
det meir mjølk. Smøret vart
fint gult noko dei lika godt.
Borken av opp var dei varsame
med å gje kyrne mykje av. Det
ville verte beisk smak av mjøl-
ka. Difor var det borken av
rogn- raun- og selje kyrne
fekk. Den vart det ikkje smak
på mjølka av.

9249

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Sauene brukte ofte å bite ulla
av seg. Då gav dei sauene
rikeleg med greiner av dei nemn-
de treslaga so dei hadde å
gnage på. Sauene røyvde ikkje
ulla då sa dei.
Det var om vinteren trea vart
nedhogde som skulle barkjast
so borken kunne nyttast til
dyrefor. Eg veit ikkje om at
svokon brukte å gå ut i skogen
langfredag. Ifar snakka med
fleire eldre om rimet de spør
om. Men ingen av desse har
kjennskap til dette rimet.

9249
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
9249